

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
040/2016	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	15.06.2016
054/2016	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	22.06.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjartan Nyhammer	15/2251	16/7620

Landbrukssak gbnr 22/1 Rikstad - deling av grunneigedom - handsaming etter jordlova - klage

Saksopplysingar:

Me viser til klage på vedtak i sak 15/2251, motteke 3.mars 2016.

Saka skal leggest fram for politisk handsaming i hovudutvalet. Dersom klager ikkje får medhald der vert saka sendt vidare til fylkesmannen for endeleg avgjersle.

I klagen vert det peika på at det omsøkte alternativet er det minst skånsame alternativet på den aktuelle teigen. Det vert vidare peika på at gbnr 22/1 er ein liten gard på berre 60 dekar og at det er mange år sidan det har vore sjølvstendig drift på garden. Bygningane knytta til drifta er såleis forelda og utdatert. På bakgrunn av dette meiner klagar at det ikkje er pårekneleg med spreining av husdyrgjødsel. Klagar peikar vidare på at ein ny bustad på den omsøkte tomten vil styrka busettinga i Risnes-krinsen.

Vurdering

Det vert innleiingsvis synt til saksutgreiinga av Landbrukssjefen av 18.januar 2016 knytta til fakta i saka. Dei vurderingar som vert gjort her er å kommentere klagar sine merknader og vurderer om det er innkome nye moment i saka.

Tross at den omsøkte tomta er det minst skånsame alternativet med tanke på tap av dyrka mark så er det likefult eit tap av dyrka mark. Vidare er det ei punktering av eit «samanhengande» landbruksområde fri for bustadhus og hytter. Den mest skånsame frådelinga er frådeling på utmark eller skrinne beiter som grensar inntil eksisterande hus og hytter. Fortetting kan også vere aktuelt. Det å kunne driva landbruk i eit større samanhengande område utan hus og hytter er ein stor fordel med tanke på rasjonell landbruksdrift inkludert spreining av husdyrgjødsel. Sjølv om det er leigejord bør det nyttast husdyrgjødsel dersom ein har høve til det.

Det stemmer sikkert at den aktuelle tomten ligg i Risnes krins og at kommunedelplanen for Bø ikkje vedkjem Risnes krins. Likefullt vil det truleg vere slik at Rikstad ikkje er det området med minst busetting innan Risnes krins. Truleg tiltar utfordringa knytta busetting/fastbuande lengre nord i Risnes krins.

Konklusjon:

Radøy kommune v/ landbrukssjefen held fast ved vedtaket i saka av 18.januar 2016 og legg saka fram for politisk handsaming i hovudutvalet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune held fast ved vedtaket i saka 18.januar 2016 og gjev ikkje søkjar medhald i klagen. Vedtaket har heimel i §§9 og 12 i jordlova .
Saka vert oversendt fylkesmannen for endeleg avgjersle.

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 040/2016**PLT - handsaming:**

Saka vart ikkje handsama - utsett til neste møte.

PLT - vedtak:**Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 054/2016****PLT - handsaming:**

Hovudutvalet meiner busetjings-aspektet ikkje er godt nok utgreidd og vektlagt i saksutgreiinga, og ber om ei ny vurdering frå administrasjonen. Det vart peika på at Risnes-krinsen gjennom fleire prosjekt har lagt stor vekt på å fremja busetjing, t.d. gjennom Liv og Lyst-prosjektet og "Trivselsgrenda". Dette er prosjekt som det er løyvd betydelege offentlege midlar til.

Leif Taule (SP) sette fram følgjande framlegg:

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing og vurdering av busettings-aspektet.

Hovudutvalet vedtok samrøystes Leif Taule (SP) sitt framlegg sett fram i møtet.

PLT - vedtak:

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing og vurdering av busettings-aspektet.

Vedlegg:

Klage gbnr 22_1_Hammar-Kameratane

Landbrukssak gbnr 221 Rikstad - deling av grunneigedom - handsaming etter jordlova (86855)

Uttale Statens vegvesen (L)(68027)

Landbrukssak Gbnr 221 Rikstad - ny grunneigedom - handsaming etter jordlova (L)(72887)